

Skula starte kl. 08.55 og slutter 14.25. vi har 6 timer kvar dag som varer i 45 minutt. Etter kvar time har vi 5 minutt fri. I midttimen har vi 40 minutt fri, det er da vi eter maten vår. Vi har med oss niste på skula kvar dag, vi har kantine men viss vi skal ha noko der må vi betale for det vi skal ha. Dei som vil kan bestille skulemjølk som vi hentar i kantina, alle på skula får frukt.

Viss vi skal ha skoleskyss må vi bu minst 4 km vekk frå skula, vi kan få skuleskyss viss vi bur mindre enn 4 km vekk men da må vi betale for skyssen.

Vi har prøvar eller innleveringar nesten kvar veke. Karakterane våre blir målt i tala 1-6. Innleveringar jobbar vi med på skula, heime eller begge deler. på prøvane gjelder det å hugse det læraren har sagt og kva som står i kapittelet vi har hatt om.

På skula er det veldi viktig å følge reglane, viss vi for eksempel gløymer ei bok eller kommer for seint til ein time kan vi få ein raudlapp, viss vi får tre raudlappar i løpet av ein månad får vi med ein beskjed heim om at vi må lære oss å følge reglane.

Vi har ikkje noko bestemte kleder som vi må bruke men det vi har på oss skal ikkje på nokon måte vere støytandes for medelever.

På skula vår er det ikkje nokon som snakkar stygt eller er slemme mot kvarandre, alle har vært snille mot meg og eg har ikkje høyrte at nokon av vennane mine har blitt erta.

I 9. klasse begynner vi og samle inn pengar som vi brukar på ein tur til Polen i 10. klasse. I 9. klasse har vi også ei arbeidsveke der vi er med og jobbar eit sted i ei veke.

Etter skula har vi leksar som vi må gjør til ein bestemt dag. Vi har ikkje alltid så mykje lekse, nokre dagar har vi ingenting og andre dagar har vi ganske mykje. leksene er som regel noko vi har gått gjennom i timen.